

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE-243	17/35

Saknr	Utval	Type	Dato
088/2021	Formannskapet	PS	18.10.2021
050/2021	Kommunestyret	PS	28.10.2021

Søknad om forskottering tippemidlar m.m. - Kvinge grendelag

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune yter Kvinge Grendelag eit lån på inntil kr. 440.000,- som forskottering av tippemidlar, lånet vert gitt med rente- og avdragsfri periode på 1 år. Vert forskotteringa utover 1 år, legg ein til grunn ordinær utlånsvilkår, for utlån frå kommunen.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunestyre 24.6.2021;

Vedk. tildeling/avslag av spelemidlar 2021 – spørsmål om kommunen kunne forskottere i påvente av tildeling av spelemidlar. Ordførar svara at ein kunne søkje om forskottering, og oppfølging med politisk sak for evt godkjenning av forskottering

Uttale/søknad frå Kvinge Grendelag;

Tursti over Stien

Søknad om kommunalt tilskot, forskottering av tilskot og meirverdiavgift refundert etter søknad til fylkeskommunen når tiltaket er ferdig.

Anleggsarbeida på turstien over Stien starta opp i byrjinga av august. Fyrste del av turstien er ein kombinert tursti og landbruksveg i krevjande terreng der innleigd entreprenør gjer det meste av arbeidet. Dette arbeide er pr. i dag over halvferdig, sjå bilete under.



Anleggsveg snart på toppen



Del av veg sett nedanifrå



Del av veg sett oppifrå

Resten av turstien ligg i flatt terreng som er enkelt å opparbeide og dette skal i hovudsak utførast på dugnad. Det er berekna mange timar dugnad og desse arbeida vert utført i løpet av 2022. Lysanlegg med mykje dugnadsarbeid er også planlagt utført i 2020.

For tiltaket har Vestland fylkeskommune i 2020 gitt kr 300 000,- i tilskot til lysanlegg i turstien og i 2021 tilskot på kr 300 000,- til tursti over Stien.

Fakta

Vestland fylkeskommune; Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 14.06.2021

PS 91/2021 [Fordeling av spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet 2021](#)

Nærmiljøanlegg 2021

Anlegg er lista opp etter prioritering frå kommunane. Det er to ulike typer:

- Fornya (har søkt tidlegare utan å få tildeling)
- Nye (2021 er første år dei søker om spelemidlar)

Masfjorden	totalt							3 700 000	900 000	
Masfjorden	25494	Turstiar på Sørsida	Kvinge grendalag	1	2	Fornya	Fritidslivsanlegg	Tursti	1 623 000	300 000
Masfjorden	72830	Skjelsundet ballbinge	Skjelsundet vel	2	1	Ny	Mindre utandørsanlegg	Ballbinge	1 406 000	300 000
Masfjorden	72830	Skjelsundet ballbinge	Skjelsundet vel	3	1	Ny	Mindre utandørsanlegg	Ballbinge	671 000	300 000
Masfjorden									300 000	
25494		Turstiar på Sørsida	Kvinge grendalag						300 000	

Vurdering

Kvinge grendelag søker om forskottering av div midlar som dei har uteståande og som dei må forskottere inntil ekstern finansiering og utbetaling er på plass – samla nær 440.000,-. Jf. Kommunestyre 24.6 så skil denne søknaden seg litt ut, er tildelt tippemidlar, men må likevel forskottere, samt at dei trekker inn andre forhold enn det som var tenkt på jf. Uttale av 24.6. frå kommunestyret.

Konklusjon

Masfjorden kommune yter Kvinge Grendelag eit lån på kr. 440.000,- som forskottering av tippemidlar, lånet vert gitt med rente- og avdragsfri periode på 1 år. Vert forskotteringa utover 1 år, legg ein til grunn ordinær utlånsvilkår, for utlån frå kommunen.

Formannskapet - 088/2021**FS - behandling:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune yter Kvinge Grendelag eit lån på inntil kr. 440.000,- som forskottering av tippemidlar, lånet vert gitt med rente- og avdragsfri periode på 1 år. Vert forskotteringa utover 1 år, legg ein til grunn ordinær utlånsvilkår, for utlån frå kommunen.

Kommunestyret - 050/2021**KS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Masfjorden kommune yter Kvinge Grendelag eit lån på inntil kr. 440.000,- som forskottering av tippemidlar, lånet vert gitt med rente- og avdragsfri periode på 1 år. Vert forskotteringa utover 1 år, legg ein til grunn ordinær utlånsvilkår, for utlån frå kommunen.